

# Godt Nytt År!

Velkomen til nytt og spanande halvår! Her er litt informasjon det er viktig å få med seg:

## Canvas

Me går no over frå It's Learning til Canvas. Den første veka skal me bruke litt tid på å bli kjende med denne læringsplattforma.

## Lekser

Det er viktig å få gode arbeidsvanar. Å få unna leksene er ei arbeidsvane som mange i klassen ikkje har. Eg har difor i større og større grad brukt tid på leksesjekking, noko som går ut over tida me kunne bruk til meir inspirerande og motiverande undervisning. Difor vil eg no gjere det til ein regel at om lekser ikkje er gjort, tek eg kontakt med heimen for å høyre kvifor. Er leksene er for vanskelege eller kanskje er det for mykje av dei? *Motivasjonen for skulearbeidet er svært viktig, og det er difor heilt naudsynt at me finn rett nivå på leksene!*

Radøy kommune har ein handlingsplan for god leseutvikling. I denne er det mellom anna lista opp kva det er forventa at skulen tek ansvar for, og kva det er forventa at skal skje i samarbeid med heimen. Den er eit grunnlag mellom anna for korleis leselekser blir gitt.

Utdrag frå plan for leseopplæringa for 7. trinn:

## Samarbeid heim-skule

- *Fokus på leseinnnlæringa på foreldremøte: Kva mål og metode i 7. klasse?*
- *Tydeleg og informativ plan for skule- og heimearbeid.*
- *Daglege skrive- og leseøvngar på skulen og heime. Oppgåver kan gjerne vere frå fagbøker.*
- *Heimen les med eleven dersom nødvendig. Viktig å samtale om innhaldet i bøker og hjelpe eleven å tilegne seg fagstoff.*
- *Det er viktig at heimen viser barnet interesse for utviklinga i lesing og skriving. Både heim og skule følgjer opp individuelle avtalar.*
- *Lese-/skriveutvikling er tema i elevsamtalar. Legg vekt på meistring og framgang: korleis lærer du best? Kva gjer du når du ikkje forstår? Vurdere eigen innsats.*
- *Språk og leseutvikling er tema i foreldresamtalar.*
- *Vurderingsskjema/tilbakemelding til heimen.*